

Politisk fråsegn frå styret i Nei til EU, 22. august 2009

## EU-SKATTESMELL TRUGAR NORSK SAMVIRKE

I 2007 vedtok Regjeringa gjennom den nye norske samvirkelova at samvirketiltak kan skattefritt setja av inntil 15% av inntekta til felleseigd andelskapital. No seier ESA, overvakingsorganet til EØS-avtalen, at dette er i strid med EØS-regelverket. Nei til EU meiner ESA sitt vedtak er er heilt uakseptabelt og ber Regjeringa om naudsynt å bringa saka inn for EFTA-domstolen.

Det er i alt om lag 4 000 samvirketiltak i Norge med til saman over 2 millionar medlemmar og ein årleg omsetning på om lag 120 milliarder kroner. Ein del av desse tiltaka er innan jordbruket, som ikkje er omfatta av EØS-avtalen og dermed ikkje påverka av ESA-vedtaket. Men samvirketiltak utanfor jordbruket, slik som Coop, boligbyggelag, forsikringsselskapet Gjensidige og ei rekke mindre samvirketiltak vert råka av ESA-vedtaket. Dette gjeld også samvirke innan kreditt, energiverk, vannverk, skogbruk, vegforening, drosje og annan transport, maskinlag, garasjelag, båthammer, helse-, omsorgs- og terapitjenester, barnehagar, frivillighetssentralar, eldresentre, konsulentsforetak, bygdeservice og produksjon og omsetning av handverk og småindustri.

Dette er ein svært viktig kamp som regjeringa må ta dersom norske samvirkeforetak skal ha ei framtid. I følgje Nationen kan skattesmellen frå ESA komma til å kosta norsk samvirke opp mot 100 millionar årleg.

Bakgrunnen for ordninga om skattefritak for samvirket er at samvirket ikkje har høve til å henta inn ny kapital på same måte som aksjeselskapa kan be sine eigarar om å skyta inn frisk kapital når behova melder seg. Det er difor eigenarten til samvirket som medlemseigd føretak utan aksjekapital som er bakgrunnen for ordninga og ikkje eit forsøk på å gje samvirketiltak eit konkurransefortrinn på bekostning av aksjeselskap. I tillegg betalar samvirkeforetaka formueskatt, noko aksjeselskapa slepp.

Nei til EU meiner denne saka viser at ESA handhever konkurransereglane utan omsyn til andre legitime samfunnsinteresser.